

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 29.05.2006 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 4 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Brigt Olav Gåsdal

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:

Kommunekasserar og administrasjonssjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. juni 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Elin Liøen ga tilbakemelding om at ho har fått ein førespurnad om veglysa/armatura til veglysa i bustadfeltet på Rolvsvåg. Det var gitt uttrykk for bekymring for dei punkta der det ikkje er montert veglys. Er desse leidningane straumførande t.d.? Administrasjonen fylgjer opp desse spørsmåla.

Helge Reistad ba om informasjon om verdibreva og verdien av dei. På dei utsendte verdibreva står det at summen på kr 25.000 skal indeksregulerast, men så skjer ikkje.

Det vart vist til kommunestyret sitt vedtak ved evaluering av ordninga. Det vart då bestemt at ordninga skulle opphøyra som framtidig ordning, men dei som ordninga fortsett skulle gjelde for, fekk ikkje med seg indeksregulering. Dvs. tilskotet som vert betalt ut er pålydande kr. 25.000. Informasjon om dette vart i si tid gitt i lokalavisa, noko som sjølvstakt ikkje har nådd alle. Vidare så vert dette opplyst i vedtaket dersom dei får eit positivt vedtak om innløysing.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Status for barnehagetomt Gjerde
- Status miljøgata ytre Tysse
- Status forprosjekt kompetansesenter for småkraft
- KS- stipendet ordføraren fekk i 2004 er no teke ut over to år. Det vert sendt ei fagleg oppsummering av opplegget stipendet vart gjeve til, til KS sentralt, i tråd med dei gjevne føringane for stipend til folkevalde.
- TV-aksjonen 22.10.2006. Midlane går til legar utan grenser. Helge Reistad tok på seg å organisera aksjonen.
- Strategisk Næringsplan for Bergen er kome til kommunen, og det er bedt om tilbakemelding. Ordførar og Helge Reistad får i oppdrag å laga ein uttale frå Samnanger kommune.
- Kommunane har gitt høve til å koma med innspel til NOU 2006:7, Det lokale folkestyret i endring? Uttalefrist er sett til 01.10.2006. Ordførar, varaordførar og Brigte Olav Gåsdal førebur uttale frå kommunen. Saka vert handsama i første kommunestyremøte etter sommarferien.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0018/06	06/00058	TILLEGGSLØYVINGAR OG BUDSJETTJUSTERINGAR
0019/06	06/00247	Unnateke off. innsyn §6 INDUSTRITOMT ROLVSVÅG - SAFJORD SKJELL D.A.
0020/06	06/00195	KOMMUNESTYREVALET OG FYLKESTINGSVALET 2007.

0018/06

TILLEGGSLØYVINGAR OG BUDSJETTJUSTERINGAR**Handsaming i møte:**

Utvalet var samd i vurderingane frå administrasjonen. Dei ønskte å prioritera kommunale vegar med midlar, og vil avsette 1 mill. kroner til dette føremålet. Administrasjonen vert bedt om å prioritera dette området, men dei ser at ikkje alt kan gjerast i inneverande år.

Vedtak:

Det vert gjennomført budsjettendringar innan desse funksjonane og i denne storleiken.

		Budsjett	Rev. budsjett	endring
Inntekter				
1.9000.8000.8700	Skatt	46535000	45483000	-1052000
1.9000.8400.8000	rammetilskot	30567000	30975000	408000
1.9000.8500.8100	flyktingetilskot	1411000	600000	-811000
1.1400.3200.8901	konsesjonskraft	2800000	4729000	1929000
1.1400.3200.8901	konsesjonskraft forventa	4729000	6079000	1350000
1.9001.8700.9001	Renter etterbet. konsesjonskr			210000
1.1602.2228.7280	Mva. refusjon	0	1000000	1000000
	Bruk av disposisjonsfond/ overskot 2005			249000
Disponible meirinntekter m.m.				3180000
Oversikt over budsjettendringar - utgifter				
1.3100.2545	Tiltak funksjonshemma ungd	0	2075000	-2075000
1.3200.2520	Barnevern utanfor fam.			-240000
1.3200.2655	Husvære flyktingar			-115000
1.3200.2750.0890	Introduksjonsstønad flyktn			-130000
1.3200.2810	økonomisk sos.hjelp			380000
1.1601.3330.2303	Fast dekke	0	1000000	1000000
				-3180000

Administrasjonssjefen får fullmakt til å forestå den detaljerte budsjettjusteringa.

0019/06

Unnateke off. innsyn §6**INDUSTRITOMT ROLVSVÅG - SAFJORD SKJELL D.A.****Framlegg til vedtak::**

Safjord Skjell da får kjøpa industritomt ved sjøen i Rolvsvåg – ca 650 m2 til ein pris av kr 70,- pr m2. I tillegg får Safjord Skjell da opsjon i 2 år til å kjøpa tilgrensa areal på om lag same storleiken til same prisen.

Samnanger kommune yter eit tilskot frå næringsfondet til etablering av verksemda på kr 200.000.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Safjord Skjell da får kjøpa industritomt ved sjøen i Rolvsvåg – ca 650 m2 til ein pris av kr 70,- pr m2. I tillegg får Safjord Skjell da opsjon i 2 år til å kjøpa tilgrensa areal på om lag same storleiken til same prisen.

Samnanger kommune yter eit tilskot frå næringsfondet til etablering av verksemda på kr 200.000.

0020/06

KOMMUNESTYREVALET OG FYLKESTINGSVALET 2007.

Framlegg til vedtak::

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007 vert gjennomført på ein dag, måndag 10.09.07.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007 vert gjennomført på ein dag, måndag 10.09.07.